



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGI	DEPARTEMENTET
04 / 1944	117
DATE	25 FEB. 2005
AN	(100)
521	

Ref. 04/1994

Vår ref. 04/02116-006
S05 /HABJ

Dato 24.02.2005

SVAR - HØRING - NOU 2004:26 HJEMFALL

Telemark fylkesting behandlet NOU-en 16.2.05 (vedlagte sak nr 2/05) og vedtok å avgi denne uttalelsen:

”Telemark fylkeskommune mener at vannkraftressursene er et viktig fundament for verdiskaping og velferd i Norge som det er helt avgjørende å ha nasjonal råderett over.

Ein føreset at Regjeringa går i aktiv dialog med ESA for å sikre at heimfallsinstituttet kan halde fram.

Telemark fylkesting støttar mindretalsforslaget om transaksjonsmodellen og subsidiært rettighetsmodellen. Dersom lovtidspunktsmodellen skulle bli vedtatt, går fylkestinget inn for at den må bli kombinert med rettighetsmodellen.

Den reduksjonen i erstatning som kommunar med store vannkraftinntekter får ved heimfall, må ikkje kome staten til gode, men istaden tilfalle ein større region.

Kommunar og fylkeskommunar som er direkte eigarar, bør i samband med heimfall kunne sjåast som forvaltningsnivå innan den norske staten, slik at dei ikkje blir omfatta av regelverket.

Ved forhandlingar om nye konsesjonsbetingelser må ein sørge for at vertskommunar og fylkeskommunar får justert opp sine inntektsnivå.

Dei konsesjonsfreie utbyggingane frå før 1909 bør bli omfatta av heimfallsreglane.

Telemark fylkeskommune mener at staten må sørge for en avklaring av EØS-avtalens betydning for fremtidige konsesjons- og hjemfallsregler. Saken bør ikke fremmes for Stortinget for endelig behandling før en slik avklaring foreligger.”

Vennlig hilsen

Bjørn Halmrast
prosjektsjef - fylkesrådmannen
bjorn.halmrast@t-fk.no



Sak nr. 0002/05

UTTALE TIL NOU 2004:26 HJEMFALL

Arkivsaksnr.: 04/02116
Arkivkode: S05
Møtedato: 16.02.2005
Saksbehandler: Bjørn Halmrast
Saksordfører: *
Behandling i:
0003/05 Fylkesutvalet
0002/05 Fylkestinget

Fylkestinget i møte den 16.02.2005 sak nr. 0002/05:

Vedtak i Fylkestinget

Telemark fylkeskommune mener at vannkraftressursene er et viktig fundament for verdiskaping og velferd i Norge som det er helt avgjørende å ha nasjonal råderett over.

Ein føreset at Regjeringa går i aktiv dialog med ESA for å sikre at heimfallsinstituttet kan halde fram.

Telemark fylkesting støttar mindretalsforslaget om transaksjonsmodellen og subsidiært rettighetsmodellen. Dersom lovtidspunktsmodellen skulle bli vedtatt, går fylkestinget inn for at den må bli kombinert med rettighetsmodellen.

Den reduksjonen i erstatning som kommunar med store vannkraftinntekter får ved heimfall, må ikkje kome staten til gode, men istaden tilfalle ein større region.

Kommunar og fylkeskommunar som er direkte eigarar, bør i samband med heimfall kunne sjåast som forvaltningsnivå innan den norske staten, slik at dei ikkje blir omfatta av regelverket.

Ved forhandlingar om nye konsesjonsbetingelser må ein sørge for at vertskommunar og fylkeskommunar får justert opp sine inntektsnivå.

Dei konsesjonsfrie utbyggingane frå før 1909 bør bli omfatta av heimfallsreglane.

Telemark fylkeskommune mener at staten må sørge for en avklaring av EØS-avtalens betydning for fremtidige konsesjons- og hjemfallsregler. Saken bør ikke fremmes for Stortinget for endelig behandling før en slik avklaring foreligger.

Behandlinga i Fylkestinget

Representanten Johan Tønnes Løchstøer, V, fremma følgjande forslag:

”Telemark fylkesting vil avvente en avklaring av det juridiske grunnlaget for reglene om hjemfall før det tas stilling til valg av modell.

Den modell som velges må under enhver omstendighet sikre nasjonal kontroll over vannkraftressursene.”

Representanten Steinar Miland, SV, fremma følgjande forslag:

”Ny linje etter første avsnitt:

Saken bør ikke fremmes for endelig behandling før grundige konsekvensutredninger foreligger, spesielt om beredskap og sårbarhet ved kritisk infrastruktur.

3. avsnitt:

”ein større region” endres til ”vertsfylket”.

Tillegg 2. avsnitt:

”....., og ikke med partielt hjemfall.”

Representanten Tor Erik Baksås, Sp, fremma følgjande forslag:

”Nytt punkt 1:

Telemark fylkeskommune mener at vannkraftressursene er et viktig fundament for verdiskaping og velferd i Norge som det er helt avgjørende å ha nasjonal råderett over.

Nytt punkt:

Telemark fylkeskommune mener at staten må sørge for en avklaring av EØS-avtalens betydning for fremtidige konsesjons- og hjemfallsregler. Saken bør ikke fremmes for Stortinget for endelig behandling før en slik avklaring foreligger.”

Representanten Thorleif Vikre, Frp, fremma følgjande forslag:

- ”1. Fylkestinget mener det må legges avgjørende vekt på å sikre nasjonal styring av vannkraftressursene og at grunnverdien av disse tilfaller det norske samfunnet.
 2. Fylkestinget mener at det er sterkt ønskelig med større klarhet i hva som kan godtas i forhold til EØS avtalen og ESA og EØS domstolens tolkning. Dette bør avklares slik at man kan foreta en beslutning basert på at man etterlever EØS avtalen.
 3. På grunnlag av det som nå er lagt frem anbefaler fylkestinget at en legger utvalgets flertallstilråding til grunn.
- Partielt hjemfall, konsesjonæren beholder ved hjemfallstidspunktet 1/3 –del av konsesjonen
 - Kommunen og vertsregionen får 1/3 – del av konsesjonen
 - Hjemfall etter 75 år
 - Om nødvendig gjøres hjemfall 75 år etter lovendringen også gjeldende for de som nå omfattes av dagens hjemfallsregler”

Votering:

Forslaget frå Vikre falt med 31 mot 10 røyster.

Forslaget frå Løchstøer falt med 37 mot 4 røyster.

Forslaget frå Baksås til nytt pkt. 1 blei samrøystes vedtatt.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, 1. avsnitt, blei samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Miland til ny linje etter 1. avsnitt falt med 35 mot 6 røyster.

Tilrådinga frå fylkesutvalget, 2. avsnitt, blei vedtatt med 30 mot 11 røyster..

Forslaget frå Miland, tillegg 2. avsnitt, falt med 35 mot 6 røyster.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, 3. avsnitt blei samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Miland, 3. avsnitt, falt med 30 mot 10 røyster.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, 4, 5 og 6. avsnitt blei samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Baksås til nytt punkt blei samrøystes vedtatt.

Fylkesutvalet i møte den 09.02.2005 sak nr. 0003/05:

Tilråding i Fylkesutvalet

Ein føreset at Regjeringa går i aktiv dialog med ESA for å sikre at heimfallsinstituttet kan halde fram.

Telemark fylkesting støttar mindretalsforslaget om transaksjonsmodellen og subsidiært rettighetsmodellen. Dersom lovtidspunktmodellen skulle bli vedtatt, går fylkestinget inn for at den må bli kombinert med rettighetsmodellen.

Den reduksjonen i erstatning som kommunar med store vannkraftinntekter får ved heimfall, må ikkje kome staten til gode, men istaden tilfalle ein større region.

Kommunar og fylkeskommunar som er direkte eigarar, bør i samband med heimfall kunne sjåast som forvaltningsnivå innan den norske staten, slik at dei ikkje blir omfatta av regelverket.

Ved forhandlingar om nye konsesjonsbetingelser må ein sørge for at vertskommunar og fylkeskommunar får justert opp sine inntektsnivå.

Dei konsesjonsfreie utbyggingane frå før 1909 bør bli omfatta av heimfallsreglane.

Behandlinga i Fylkesutvalet

Følgjande tillegg til saka blei lagt fram i dagens gruppemøter:

”Saksutkastet frå Vinje kommune ligg no føre.

Mandatet til heimfallsutvalet femner ikkje om dei konsesjonsfrie kraftverka utan heimfall frå tida før konsesjonslovgjevinga av 1909. Vinje kommune vil likevel i si høyring ta med at reglane for heimfall no må utvidast til også å gjelde desse. Dette gjeld ma Møsvassreguleringa.

Fylkesrådmannen sluttar seg til dette synet og legg derfor dette avsnittet til i sitt forslag til tilråding frå fylkesutvalet:

Dei konsesjonsfreie utbyggingane frå før 1909 må bli omfatta av heimfallsreglane.”

Representanten Jørund A. Ruud, A, fremma følgjande tilleggsforslag:

”Ein føreset at Regjeringa går i aktiv dialog med ESA for å sikre at heimfallsinstituttet kan halde fram.”

Representanten Johan Tønnes Løchstøer, V, fremma følgjande endringsforslag til tilleggstilrådinga frå fylkesrådmannen:

”Dei konsesjonsfrie utbyggingane får før 1909 bør bli omfatta av heimfallsreglane.”

Votering:

Tilleggsforslaget frå Ruud blei samrøystes vedtatt som 1 avsnitt i tilrådinga.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, 1. avsnitt, blei vedtatt mot 2 røyster.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, avsnitt. 2, 3, og 4, blei samrøystes vedtatt.

Tilleggstilrådinga frå fylkesrådmannen med endringsforslaget frå Løchstøer blei samrøystes vedtatt.

Forslag til tilråding frå fylkesrådmannen

Telemark fylkesting støttar mindretalsforslaget om transaksjonsmodellen og subsidiært rettighetsmodellen. Dersom lovtidspunktmodellen skulle bli vedtatt, går fylkestinget inn for at den må bli kombinert med rettighetsmodellen.

Den reduksjonen i erstatning som kommunar med store vannkraftinntekter får ved heimfall, må ikkje kome staten til gode, men istaden tilfalle ein større region.

Kommunar og fylkeskommunar som er direkte eigarar, bør i samband med heimfall kunne sjåast som forvaltningsnivå innan den norske staten, slik at dei ikkje blir omfatta av regelverket.

Ved forhandlingar om nye konsesjonsbetingelser må ein sørge for at vertskommunar og fylkeskommunar får justert opp sine inntektsnivå.

Problemstillinga i få ord

Heimfall betyr at vannfall, vassdragsregulering og tilhøyrande kraftanlegg tilfell staten vederlagsfritt etter utløpet av konsesjonsperioden. Heimfallsregelverket skil i dag mellom offentlege og andre aktørar ved at det berre er dei private som blir omfatta av kravet om heimfall. ESA har reist spørsmål om denne forskjellsbehandlinga er i strid med EØS- avtalen. Dette er noko av bakgrunnen for at Olje- og energidepartementet har fått utarbeidd NOU- en om heimfall, som no er på høyring med høyringsfrist 1.3.05. Utgreiinga inneheld fleirtals- og mindretalsforslag til endringar av lov- og regelverket.

Saksopplysningar

Oversendingsforslag frå fylkestinget

Fylkestinget vedtok 9.12.04 i samband med budsjettbehandlingen for 2005 (sak nr 34/04) samrøystes å oversende dette forslaget frå representanten Steinar A. Miland (SV) til fylkesutvalet:

”Offentlig eierskap av vannressursene må sikres – arvesølv må ikke selges!

Hjemfallsutvalget la i forrige uke fram sin innstilling – NOU 26 2004. Utvalgets mandat var å utrede en videreført hjemfallsordning og en utforming av denne. Hjemfallssaken gjelder hvem som skal eie vannkraftressursene i Norge, og dermed ha styringen over Norges viktigste landbaserte næring, eiendomsretten til våre naturressurser og landets grunnleggende infrastruktur.

Norge er fullt ut avhengig av vannkraftproduksjonen, og eierskapet til denne berører også viktige beredskaps- og forsyningsikkerhetsspørsmål. Våre vassdrag er store deler av vårt naturmiljø.

Hjemfall betyr at naturressursene etter konsesjonstiden for utnyttelse utløper, ”faller hjem igjen” – til eieren. Det innebærer at de private kraftregulantene og/eller kraftprodusentene ved dette tidspunkt må søke konsesjon på nytt. Konsesjonstiden for disse har fram til i dag vært 50 år for regulering og 60 år for produksjon.

For de kommunale kraftverkene har konsesjonen vært evigvarende. Systemet har fungert slik at det med jevne mellomrom er blitt en justering av betingelser mellom partene. Her har fokuset ofte vært natur og miljø, samt erstatninger for den skade som er skjedd i tråd med økt miljøbevissthet.

Utvalgets arbeid er resultat av at ESA har påpekt at det norske hjemfallsinstituttet er i strid med EØSavtalen. Utvalgets oppgave var å lage en lov som likestiller offentlige og private eiere. Men dette sikrer ikke lokalt eierskap. Flertallet i hjemfallsutvalget vil ha en konsesjonstid på 75 år for alle. De vil i tillegg at alle konsesjoner nullstilles fra det tidspunkt saken vedtas i Stortinget, slik at alle konsesjoner automatisk får 75 nye år. Deretter skal staten overta eierskapet til naturressursene en gang for alle. Dermed kan det oppleves som et statlig ”ran” fra kommuner og fylkeskommuner.

Mindretallet vil ha 60 års konsesjonstid og de vil ikke nullstille, og ønsker at hjemfall skal inntre automatisk når kraftverk kommer på salg. Mindretallets forslag har som overordna målsetting å sikre et dominerende offentlig eierskap i vannkraftsektoren, ved å stimulere dagens eiere (90 prosent offentlig eid) til fortsatt eierskap. Flertallets forslag uthuler hjemfallsinstituttet ved at alle framtidige eiere gis evigvarende rettigheter i norske vassdrag.

En full markedsåpning som et flertall i utvalget foreslår vil føre til et sterkt salgspress hos mange kommuner. Store utenlandske kraftforetak vil dermed kunne komme inn å overta kraftressursene.

Telemark fylkesting mener kraftressursene fortsatt må være på offentlige hender, og sikres nasjonal kontroll, og lokalt/regionalt eierskap.

Telemark fylkesting beklager at de samfunnsmessige konsekvenser av et omfattende privat og utenlandsk eierskap i vannkraftsektoren ikke er vurdert av utvalget.”

Om vedlegga til saka.

Vedlagt er høyringsbrevet frå Olje- og energidepartementet (OED) av 1.12.04 og samandraget i utgreiinga. Heile utgreiinga er tilgjengeleg på internett på <http://www.oed.dep.no> under tema Energi og vassdrag/ Høring–Hjemfallsutvalget.

NOU- en er svært krevjande å sette seg inn i. Det gjer det ikkje enklare at dei tolv medlemmene i heimfallsutvalet har delt seg i fleirtals- og mindretalskonstellasjonar på forskjellig vis avhengig av problemområde.

Vi legg også ved fleire dokument som er *noko* lettare å sette seg inn i. Desse er:

-Orientering av 2.12.04 frå advokatfirmaet Haavind Vislie, som tidlegare har hatt kraftoppdrag for Telemark fylkeskommune. To av advokatane i firmaet har vore engasjert i utgreiinga; Johan Fr Remmen som medlem og Håkon Bleken av Samarbeidande Kraftfylke (SKF), som har vore representert i utvalet.

-Brev av 29.12.04 frå KS, som er lagd på oppmoding frå fleire av medlemmane til hjelp i arbeidet med høyringa. Dette er og tilgjengeleg på internett på <http://www.ks.no> under Konsultasjonar/ Fagområder/ Hjemfall. Der ligg og særmerknad frå KS- representanten m fl i utvalet (pkt 10.4.3 i NOU-en).

-Artikkel i Aftenposten 11.12.04; Skal Norge selge sin Vannkraft? av professor Hans Faanes, NTNU, rådgjevande ingeniør Erik Fleischer og sivilingeniør Kjell Køber.

- Tre artiklar frå eit eige vedlegg til Kommunal Rapport nr 1/05 om heimfall, utgitt av KS, LO og Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK).:

- Fakta om heimfall
- Advokat Peter Aall Simonsen, rådgjevar for KS' representant i utvalet; Rettighetsmodellen – mindretallets alternative heimfallsmodell
- Advokat Caroline Lund, representant for LVK i utvalet; Flertallets forslag til ny modell

-Pressemelding av januar 2005 frå LO, KS og LVK.

-Utdrag av Vannkraftressurene i egne hender, høyringsvar av 17.1.05 frå Finn Lied og andre tidlegare sentrale personar innen kraftsektoren (Energiveteranene)

-Artikkel i Aftenposten 19.1.05 av statssekretær Oluf Ulseth; Kraftnæringen trenger reform.

-Kopi frå KS' nettside etter konferansen 20.1.05 Hvem skal eie vannkrafta?, arrangert av KS, LO og LVK; Handlingsrommet for EØS- avtalen har betydning for heimfallsaken.

-Artikkel i Aftenposten 24.1.05 av Kåre Willoch; Vannkraften bør forbli norsk.

Om innhaldet i NOU-en.

Dei seks representantane frå EBL (kraftverksbransjen), PIL (prosessindustrien), SKF og dei uavhengige representantane (inkl leiaren i utvalet, advokat Tor Vestbakke) legg i utgreiinga fram eit felles forslag. Dei tre representantane frå staten er eit stykke på veg einige med deira forslag, slik at det blir eit fleirtal om dei fleste temaene.

Fleirtalet går inn for at offentlege aktørar blir likestilte med dei private. Skillet i heimfallsregelverket mellom offentlege og andre aktørar reduserer idag den økonomiske verdien av kraftverk for potensielle private kjøparar. Kommunale eigarar verdset kraftverka høgare, noko som hindrar private oppkjøp og investeringar.

Fleirtalet går alle inn for at alle vannkraftverk får heimfall til staten 75 år etter at lova er trådt i kraft (lovtidspunktmodellen). Det vil i praksis seie at dei private konsesjonærane får ei forlenging av konsesjonstiden opp til 50- 60 år, mens dei offentlege eigarane blir fratatt sitt evigvarande eigarskap.

Samtlege i utvalet støttar ei vidareføring av den retten vertskommunen har til inntil ein tredel av verdiane som heimfell. Kommunar med store vannkraftinntekter får ein reduksjon i denne andelen. Alle unntatt dei statlege representantane går inn for at ein større region (vertsregionen) får behalde resten av tredelen i staden for at den skal kome staten til gode.

Eit mindretal på tre – KS, LO og LVK – meiner fleirtalsforslaget om lovtidspunktmodellen kan innebere at kommunar og fylkeskommunar sel sine kraftverk så fort som mogleg når salsverdien blir redusert år for år. Dei foreslår istaden ordningar som dei meiner vil fremme eit langsiktig norsk eigarskap til vannkrafta. Men dei ber om at saka ikkje blir behandla i Stortinget før departementet har forhandla med ESA/EU om moglege politiske løysningar.

Mindretalet foreslår primært ein modell som inneber heimfall etter 60 år. Denne modellen skal gjelde også for offentleg eigde kraftverk, men berre dersom dei i mellomtida blir solgte (transaksjonsmodellen). Like tilhøve for alle kjøparar bør kunne tilfredsstillе ESA, meiner mindretalet.

Dersom ei slik løysing ikkje tilfredsstillер ESA, tilrår mindretalet at det blir heimfall for alle om 60 år, og at eigaren då får 45 % av verdien, men berre dersom han er den opprinnelege eigaren (rettighetsmodellen).

Fleirtalet på ni meiner at det er aktuelt at konsesjonæren skal kunne behalde sin andel etter heimfallet som ein eigarandel saman med staten. Denne modellen blir kalt for partielt heimfall i motsetnad til tradisjonelt heimfall, som mindretalet støttar.

Oppfatninga til KS

KS gjeng som mindretalet i utvalet primært inn for transaksjonsmodellen. Dersom lovtidspunktmodellen skulle bli vedtatt, går KS inn for at den må bli kombinert med rettighetsmodellen og ikke med partielt heimfall.

Rettighetsmodellen avbøtar negative konsekvensar ved lovtidspunktmodellen og ivaretek interessane til kommunane og fylkeskommunane betydeleg betre enn partielt heimfall.

Partielt heimfall vil etter KS' meining redusere den offentlege råderetten over vasskraftanlegga og føre til auka salspress. Det vil også tilgodese alle som er konsesjonærar

på heimfallstidspunktet uavhengig av kven dei er og om dei har lidt tap. Rettighetsmodellen gir større kompensasjon, men berre til dei som faktisk lider tap.

KS skriv at ein i samband med heimfall må kunne sjå kommunar og fylkeskommunar som forvaltningsnivå innan den norske staten, og at dei derfor ikkje treng å bli omfatta av regelverket, når dei er direkte eigarar. Eit slikt unntak er særskild viktig dersom lovtidspunktmodellen blir valgt. Dette bør ifølgje KS bli vedtatt uavhengig av om det blir transaksjonsmodellen eller lovtidspunktmodellen.

KS gir og uttrykk for at det fortsatt er så mykje usikkerhet som bør avklarast i høve til EØS, og at det ikkje er forsvarleg med ei endeleg behandling i Stortinget nå.

Oppfatninga til SKF

Vi ser at det er forskjellig syn i heimfallsutvalet mellom representanten frå kraftfylka (SKF) på fleirtalssida og KS og kraftkommunane (LVK) på mindretalssida.

I særmerknad frå SKF- representanten i pkt 10.4.1 i utgreiinga står det imidlertid at ho har hatt transaksjonsmodellen som sitt prinsipale standpunkt. Men at ho gjekk bort frå denne som følge av EØS- utgreiinga og fordi modellen kan virke komplisert.

Styreleiar i SKF Magnar Lussand holdt eit innlegg på konferansen 20.1.05 i Oslo arrangert av KS, LO og LVK. Han presiserte at også SKF ønsker ei avklaring om EØS. SKF vil ikkje avgi ei samla uttale, fordi fylkeskommunane kan ha ulike syn. Dei overlet derfor til den einssilde fylkeskommune å uttale seg.

Om situasjonen i Telemark.

Telemark er eit av dei mest utbygde fylka med ca 10 % av krafttilgangen i landet. Men kommunane eig berre ein liten del av kraftutbygginga – ca 5 % av kraftproduksjonen. Fylkeskommunen eig ikkje kraftverk. Statkraft Energi er den største eigaren med ca 50 % av produksjonen. Resten (ca 45 %) blir eigd av Norsk Hydro Energi ASA og andre private eigarar.

Dei kommunar og fylkeskommunar som er berørte av kraftproduksjon, får inntekter i samband med konsesjonskraft, konsesjonsavgifter, eigedomsskatt, naturressursskatt og avkasting på næringsfond. Desse inntektene er uavhengige av eigarstrukturen.

Konsesjonsavgiftene kan ofte vere låge på grunn av eldre konsesjonsvilkår. Vi har i Telemark erfart at avgiftene ofte ikkje har vore regulert ved fornying av konsesjonar.

Vurdering frå fylkesrådmannen

KS og fleire andre interessentar meiner beslutningsgrunnlaget ikke er godt nok. Fylkesrådmannen er einig i at det fortsatt kan vere mykje usikkerhet som bør avklarast i høve til ESA før vidare behandling. Det forslaget til vedtak vi her legg fram, tek utgangspunkt i at det no ligg føre ein NOU med ulike alternativ og med høyringsfrist 1.3.05.

Ettersom kommunane i Telemark har liten eigarandel i produksjonen i fylket, er det ikkje gitt at KS-LVK- modellen er den som er mest økonomisk gunstig over tid for kommunane våre.

Men utgreiinga dreier seg og om andre viktige samfunnsinteresser for heile landet. Fylkesrådmannen vel i sitt forslag å støtte seg til vurderingane frå KS og synet til mindretalet, som tilrår modellar som dei meiner fremmar langsiktig norsk eigarskap.

Fylkesrådmannen rår derfor til at Telemark fylkesting primært går inn for transaksjonsmodellen. Dersom denne ikkje tilfredsstillar ESA, bør vi støtte rettighetsmodellen. Hvis lovtidspunktsmodellen likevel skulle bli vedtatt, bør denne så langt som mogleg bli kombinert med rettighetsmodellen.

Det er viktig å støtte det fleirtalet i utvalet som meiner at den reduksjonen i erstatning som kommunar med store vannkraftinntekter får ved heimfall, ikkje må kome staten til gode, men istaden tilfalle ein større region.

Fylkesrådmannen er einig med KS i at kommunar og fylkeskommunar – uavhengig av val av modell – bør kunne sjåast som forvaltningsnivå innan den norske staten.

Fylkesrådmannen meiner at konsesjonsbetingelsene må bli gjennomgått på ny når nye konsesjonar blir gitt, ettersom nye konsesjonsvilkår kan gje vertskommunane og fylkeskommunane vesentleg høgare inntekter.

Vedlegg:

Høyringsbrev av 1.12.04 frå Olje- og energidepartementet

Samandraget i NOU:26 Heimfall

Orientering av 2.12.04 frå advokatfirmaet Haavind Vislie

Brev av 29.12.04 frå KS med hjelp til arbeidet med høyringa

Artikkel i Aftenposten 11.12.04: Skal Norge selge sin vannkraft?

Tre artiklar frå eige vedlegg om heimfall til Kommunal Rapport nr 1/05

Pressemelding av januar 2005 frå LO, KS og LVK

Utdrag av høyringssvar av 17.1.05 frå Finn Lied mfl (Energiveteranene)

Artikkel i Aftenposten 19.1.05 av statssekretær Oluf Ulseth; Kraftnæringen trenger reform

Kopi frå KS' nettside etter konferansen 20.1.05; Hvem skal eie vannkrafta?

Artikkel i Aftenposten 24.1.05 av Kåre Willoch; Vannkraften bør forbli norsk